

SMÅKEBITAR FRÅ HERMANSENS NOBILE-ARKIV

I september 1925 kom Umberto Nobile, Roald Amundsen og sponsor Lincoln Ellsworth fram til ein avtale om samarbeidsprosjektet «Norge». Ingeniøren/offiseren Nobile (1885-1978) hadde vidareutvikla zeppelinaren til eit meir smidig konstruert luftskip.

Ekspedisjonen starta frå Roma i april 1926. Nobile førte luftskipet sitt med italiensk mannskap opp til Svalbard der Amundsen kom om bord med sitt norske lag. «Norge» flaug over Nordpolen og kom fram til Teller i Alaska 14. mai. Suksess!

Men det viste seg fort at Nobile og Amundsen var antagonistar. Og dei vart kvarandres nemesis. Amundsen ville ikkje dela æra. Nobile opplevde dette sjølvstyk som svært urettvist. Det var han som hadde planlagt og leia ekspedisjonen.

Nobile ville visa at han kunne gjennomføra polare ekspedisjonar utan Amundsen. Det nye luftskipet «Italia» var av same typen som «Norge». I april 1928 starta Nobile frå Roma med ein ny ekspedisjon, med ein sterk vitskapleg profil. Mannskapet var italiensk, supplert med den svenske meteorologen Malmgren og den tsjekkiske radiologen Behounek.

Den 25. mai havarerte «Italia» på isen, på veg tilbake frå Nordpolen til Svalbard. Seks mann forsvann med sjølve ballongen, etter at gondolen losna i samanstyten med isen. Av dei ti i gondolen overlevde ni den kraftige smellen. Nobile sjølv brakk både høgrebene og høgre arm.

Ove Hermansen (1933-) var Nobiles danske ven. Han har gjeve sitt store Nobile-arkiv til Norsk Polarinstitut. I denne samlinga finn vi bl.a. ei grundig samanstilling av hendingane i 1928, dag for dag. Her er [innførsla for 26. mai «dag 2 på isen»](#).

I Hermansens Nobile-samling finst også nokre interessante **bokmanus**. Innhaldet er i stor grad publisert seinare. Men det finst skilnader mellom desse manuskripta og det som seinare kom på trykk i bokform. Her ligg det materiale til framtidig Nobile-forsking. «Five years with the dirigiblestroi in Soviet Russia» inneheld ei svært interessant, og underhaldande, forteljing frå perioden 1931-36. Nobile, som gjerne ville bort frå fascistregimet i Italia, vart leigd inn av Sovjetunionen for å leia oppbygginga av ein russisk luftskipindustri frå botn av.

Ein viktig del av Nobile-arkivet er **brevvekslinga** mellom Umberto Nobile og Ove Hermansen. Samlinga inneheld dei originale breva frå Nobile, og kopi av breva frå Hermansen.

Her er ei [brevveksling frå perioden juli til november 1970](#). Vi ser tydeleg at Nobile framleis må bruka energi på å forsvare seg mot ymse åtak, og at han bruker sin kunnige danske ven som rådgivar.